



Kristin Hopland
Kjedalen 31
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2237 - 14/7347

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
13.05.2014

Søknad om oppføring av garasje - gbnr 10/47, førebels svar.

Kommunen har motteke din søknad av 05.05.2014.

I det vidare blir det gjort greie for lovpålagte tidsfristar og generell sakshandsaming for byggjesaker.

Kommunen sine tidsfristar

Plan- og bygningslova har sett fristar for kor lang tid kommunen kan bruka på å gje svar på ein del søknadstypar. Hovudregelen er at kommunen må følgja fristane, likevel slik at ny frist skal setjast dersom søknaden ikkje er fullstendig. Den tid det eventuelt tar ansvarlig søker/ tiltakshavar å komplettere saka må derfor leggjast til den venta sakshandsamingstida.

Sakstype (jf. plan- og bygningslova)	Vilkår	Frist
§ 20-1 Søknad med ansvarsrett		12 veker
§ 20-2 Søknad utan ansvarsrett		12 veker
§ 20-1 Søknad med ansvarsrett § 20-2 Søknad med eller utan ansvarsrett	Dersom vilkåra for 3 vekers sakshandsaming er til stades Jf. PBL § 21-7	3 veker
§ 20-2 Søknad med eller utan ansvarsrett	Der søknaden krev dispensasjon frå gjeldande arealplan	Ingen lovpålagt frist
Igangsettingsløyve		3 veker
Ferdigattest	Naudsynt dokumentasjon	3 veker
Mellombels bruksløyve		3 veker
Klage (kommunen sin oversending)		8 veker
Klage med utsett verknad		6 veker

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

(fylkesmannen si avgjerd)		
---------------------------	--	--

Dersom ikkje frist for nabomerknader er gått ut ved innsending av søknad, vert denne tida lagt til ovannemnde fristar.

Sakshandsaming i kommunen:

Kommunen vil gå gjennom dei innkomne dokumenta. Er saka fullstendig, vert det gjort vedtak. Dersom dokumenta har manglar, vert ansvarleg søker / tiltakshavar tilskriven om dette. Er saka så mangelfull at ho ikkje kan supplerast og handsamast, vert ho returnert. **Før Dykkar søknad kan handsamast må det sendast inn kvittering for sendt nabovarsel.** Kommunen gjer merksam på at overnemnde tidsfristar ikkje gjeld før etterspurt dokumentasjon er motteke og frist for nabomerknader er ute.

Dykkar søknad vert lagt til ventearkiv i påvente av manglande dokumentasjon.

Gebyr:

Handsaming av søknad er gebyrbelagt. Når saka er ferdighandsama vert gebyr fastsett i samsvar med gjeldande gebyrregulativ vedteke av kommunestyret.

Fristen for nedsetjing av gebyr gjelder berre 12 veker saker, der tiltaket er i samsvar med plan.

Opplysningar om sakshandsamingsreglar finn du også på www.bing.nu og www.dibk.no. Nærare opplysningar kan du få på [Tenesteområde Plan, utbygging og kommunalteknikk](#).

Med helsing

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.